



Oppklapte øl- og brusboksar i graset og vidare i grovforet kan vera døden for ei ku.

**Det er klart for håslåtten og store areal er klar for hausting langs fylkes- og kommunevegane i Uskedalen. Kwart år er det eit problem med flasker og boksar, som er kasta ut i graset frå forbipasserande bilistar i Uskedalen. Dette er ei sterk oppmoding frå landbruksnæringa om å ikkje kasta pant i graset.**

Ved haustinga vert flaskene knuste og boksane klipte opp til skarpe bitar. Bitane, skarpe som barberblad, kjem i rundballen og vidare i foret til dyra. Bitane fører til rifter og pungtering av svelg, mage og tarm. Dyra lir med ein smertefull betennelse og blødning. Dette er døden for ei ku.

På den daglege turen i sentrum og over Dønhaug i dag vart det funne oppklapte boksar, rett nok ikkje i slåttemarka, men i vegkanten med fare for dyr og menneske uansett.



Arkivfoto frå funn av boks i graset på Nedre Fet ( 2019 ).

Den sterke oppmodinga er:

***To kroner i pant er betre enn smertefulle dyrelidingar og store tap for bonden.***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal